



Saksmappe: 2023/17  
Sakshandsamar: ALI  
Dato: 03.09.2024

## SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
113/24	Planutval	09.09.2024
41/24	Levekårsutval	09.10.2024
106/24	Formannskap	08.10.2024
100/24	Kommunestyret	15.10.2024

Kommuneplanen sin samfunnsdel. Endeleg vedtak.

### Kommunedirektøren si tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 blir samfunnsdelen av kommuneplanen for Bykle kommune 2024-2034, med endringar lista opp i saksframlegg, vedteken.

**Planutval si handsaming av sak 113/2024 i møte den 09.09.2024:**

#### Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding blei samråystes vedteken

#### Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 blir samfunnsdelen av kommuneplanen for Bykle kommune 2024-2034, med endringar lista opp i saksframlegg, vedteken.

**Levekårsutval si handsaming av sak 41/2024 i møte den 09.10.2024:**

#### Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding blei samråystes vedteke

#### Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 blir samfunnsdelen av kommuneplanen for Bykle kommune 2024-2034, med endringar lista opp i saksframlegg, vedteken.

**Formannskap si handsaming av sak 106/2024 i møte den 08.10.2024:**

**Handsaming**

Saka vart drøfta

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

**Vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 blir samfunnsdelen av kommuneplanen for Bykle kommune 2024-2034, med endringar lista opp i saksframlegg, vedteken.

**Kommunestyret si handsaming av sak 100/2024 i møte den 15.10.2024:**

**Handsaming**

Saka vart drøfta

Endringsforslag frå Sigmund Alfson Trydal SP:

"Ta bort kulepunkt 4 under økonomisk berekraft på side 19. Fremtidig hytteutbygging skal i hovudsak skje i midtregionen."

Kommunedirektøren si tilråding med endringsforslaget frå Sigmund Alfson Trydal vart satt opp mot kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren si tilråding vart vedteke med 8 mot 5 røyster (Åsmund Hoslemo BB, Sigmund Alfson Trydal SP, Steinar Haugen SP, Espen Mikkelsen V, Randi Steinsholt V)

**Vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 blir samfunnsdelen av kommuneplanen for Bykle kommune 2024-2034, med endringar lista opp i saksframlegg, vedteken.

## **SAKSUTGREIING**

### **Bakgrunn for saka**

Kommunal planstrategi for Bykle 2020-23 vart vedteke 22.6.2020. Av planstrategien går det fram at arbeidet med revisjon av samfunnsdelen av kommuneplanen skulle setjast i gong i 2023.

Forslag til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel blei lagt fram til handsaming og utlegging til offentleg ettersyn i Kommunestyret 30. mars 2023, og vedtatt 31.08.2023.

Gjennom hausten 2023 og vinteren 2024 har det vært gjennomført fleire politiske verkstader for drøfting av kunnskapsgrunnlag, dei lange linene, satsingsområde og arealstrategiar.

Forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel blei fremma og lagt ut på offentleg ettersyn og høyring i lokalsamfunnet før sommaren 2024. Saka blir nå fremma til politisk handsaming for endeleg vedtak.

Kommuneplanen er kommunens viktigaste styringsverktøy, og samfunnsdelen omtalar visjonen og de lange linene for kommunen, sett de viktigaste satsingsområda for valperioden, og har ein bestilling til etterfølgande arbeid med arealdelen gjennom ein overordna arealstrategi.

## **Formelt grunnlag / Saksgang**

Prosesen med utarbeiding av samfunnsdelen av kommuneplanen følgjer av plan- og bygningslovas § 4-1 om planprogram og elles i hovudsak kapittel 11 som gjeld kommuneplan.

- Oppstart av planarbeidet vart varsle og planprogram sendt på høyring i april 2023.
- Eit planforslag blei lagt fram til vedtak om offentleg ettersyn og høyring i Kommunestyret 25.04.2024 (saksnr: 32/24), og saka var på høyring i perioden 08.05.2024-30.06.2024.
- Det blei halde to opne folkemøte i høyringsperioden, eit på Hovden grendehus, og eit i Bykle samfunnshus.

Kommunestyret vedtek kommuneplanen jf. Plan- og bygningslovas § 11-15. Vedtaket kan ikkje bli påklaga.

Saka blir handsama av Levekårsutval, Planutval og Formannskapet på vegen til Kommunestyret. Før offentleg ettersyn vart saka handsama i dei same utvala, og i tillegg i ungdomsrådet. Det vart ikkje gjeve merknader eller gjort vedtak i saka av ungdomsrådet. Ein lukkast ikkje å handsame saka i råd for funksjonshemma og eldreråd, då det ikkje var sett opp møte i desse råda i den perioden. Nokre av representantane i desse råda er og representert politisk i anten hovudutval eller Kommunestyret. Tema som rører ved saker råda jobbar med er drøfta i prosessen, ikkje minst i kommunen sin leiargruppe. Såleis er det vurdert at medverking, handsaming og høyring er dekkande også for desse tema.

## **Høyringsfråsegner**

Alle høyringsfråsegner er summert opp og kommentert i vedlagt dokument. Det er ingen motsegn til planforslaget, men innspeil til suppleringer, justeringar og presiseringar. Forslag til endringar er lista opp nedanfor.

Notat og ordskyar frå folkemøta er og lagt ved saka.

## **Økonomiske vurderinger og konsekvensar**

Planarbeidet er gjennomført dels i eigen regi og ved innleige/tenestekjøp innafor driftsramme planavdelinga og lokal rammeavtale om tenestekjøp. Kostnader til gjennomføring av verkstader/scenario er dekt innafor driftsramma.

## **Forslag til endringar**

Som følgje av innspeila i høyringsfråsegna har kommunedirektøren forslag om følgande endringar i dokumentet:

1. Det presiserast i «*Situasjon og utviklingstrekk*» at kommunen har eit robust helsetilbod i samarbeid med Valle.
2. Under «*Situasjon og utviklingstrekk*» endrast tredje avsnitt til: «Faren for uønskte hendingar knytt til samfunnsviktig infrastruktur kan vere konsekvens av m.a. klimaendringar, terror og driftssvikt. Fysisk infrastruktur knytt til vasskraft, hovudvegnett og kraftforsyning er eigg og blir handtert av andre enn kommunen. Samfunnskritiske tenester i kommunen vil vere særleg sårbare for svikt i digital infrastruktur.».
3. Nytt punkt under det prioriterte satsingsområdet «*Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida*»: «Sikre tilstrekkeleg beredskap knytt til digital infrastruktur for samfunnskritiske tenester i kommunen».
4. Under «*Miljømessig berekraft*» (s.19) går det fram at tidlegare vedtatt arealbruk skal revurderast m.a. på bakgrunn av ny kunnskap om klimaendringar, samfunns-tryggleik og myr. Det leggast inn punkt om at ved vurdering av framtidig arealbruk skal ein ha merksemd på førebygging og konsekvensar av klimaendringar.

5. Under «*Bykle ser langt*» (s.9) er kommunen sitt ønske om å samarbeide med frivillige knytt til oppvekstmiljø for barn og unge. Dette endrast til: «Kommunen ønsker gjennom sitt tenestetilbod og i samarbeid med frivillige organisasjonar å arbeide for trygge oppvekstmiljø for barn og unge med nulltoleranse mot krenking. Dette vil ein gje m.a. ved å vidareutvikle aktive lokalmiljø som fremjar deltaking i meiningsfylte fritidsaktivitetar og fysisk aktivitet for alle.»
6. Under «*Stadutvikling i Bykle*» (s. 12) endrast «aldersheim» til «Bykle helsecenter med aldersheim og helsetenester».
7. Under utdjuping av den delen av visjonen for Bykle som omhandlar sosial berekraft (s. 9) vert utvikling av gode og trygge oppvekstmiljø vektlagt. For å presisere behovet for rusførebygging, vert øvste avsnitt endra slik: «Kommunen ønsker gjennom sitt tenestetilbod og i samarbeid med frivillige organisasjonar, å arbeide for trygge oppvekstmiljø for barn og unge med nulltoleranse mot krenking. Dette vil ein gje m.a. ved å vidareutvikle aktive lokalmiljø med som fremjar deltaking i meiningsfylte fritidsaktivitetar, rusfrie møteplassar og fysisk aktivitet for alle.»
8. Formulering på s.15 presiserast til «Utvike lågterskel møteplassar og ei meir attraktivt sentrum for fastbuande, tilreisande og lokalt næringsliv». Leikeplass vil vere eit aktuelt tiltak.

Fleire av innspela gjeld konkretisering som må bli avklart i arealdelen av kommuneplanen, temaplanar, strategiar eller handlingsplanar i kommunens vidare arbeid. Planbehov blir drøfta i planstrategien, og kommunen vil snarleg sette i gong ein rullering av kommuneplanens arealdel. Sjå elles utfyllande kommentarar i vedlagte oppsummering av innspel.

#### **Samla vurdering:**

Prosesen med samfunnsdelen starta med det førre kommunestyret som drøfta kunnskapsgrunnlaget og utviklingstrekk for Bykle våren 2023. Planprogrammet blei vedtatt av det same kommunestyret august 2023. Etter valet har det vore tre politiske verkstader med det nye kommunestyret der framtidsbilete, dei lange liner, satsingsområde og arealstrategiar er drøfta. Det har og vært drøftingar med administrativ leiing for å supplere og konkretisere kva resultata av dei politiske verkstadene har å seie for kommunens vidare arbeid. Leiargruppa har medverka med utdjupingar og innhaltsutvikling av dokumentet.

Drøftingane er tufta på eit godt kunnskapsgrunnlag som er basert på data frå ein lang rekke kjelder. Dette ligg ved planen. Bykle kommune er, saman med andre små kommunar, med i eit samarbeidsprosjekt der Fylkeskommunen og Distriktsenteret gjev råd og rettleiing i planprosessen.

Ein ynskjer at kommuneplanens samfunnsdel skal bli eit enda betre fungerande styringsverktøy for kommunestyret. Det er difor viktig at samfunnsdelen blir vedtatt tidleg i valperioden, at arbeidet er basert på eit grundig kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete, at den har gode koplingar til økonomi- og handlingsplan. Det er kommunestyret som skal styre etter planen, og som også har fått sette mål og satsingsområde for perioden.

Planen har vært på offentleg ettersyn, og er justert litt slik at ein enda meir presist treff det politikarane og folk er opptekne av.

Kommuneplanen blir alle planars «mor», og slik prosessen nå har vært gjennomført har politikarane i mykje større grad hatt regien på innhaldet i samfunnsdelen som skal bli det viktigaste styringsdokumentet i valperiode. Planen vil bli lagt til grunn for dei satsingane og prioriteringane kommunen skal ha og gjennomføre framover. Samfunnsdelen vil bli følgd opp i økonomi- og handlingsplanen, men også med andre strategiar, handlingsplanar og temaplanar. Samfunnsdelen inneheld også ein arealstrategi som vil vere ei viktig føring for arbeid med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, som vil starte i etterkant.

Bykle, 27.08.2024

Kommunedirektør

**Vedlegg:**

- 1 Oppsummering av høyringsuttaler
- 2 Folkemøte Hovden KPL\_notater
- 3 Folkemøte Bykle - ordskyer
- 4 Folkemøte Hovden - ordskyer
- 5 Bykle kommune - Kommuneplanens samfunnsdel\_02.05.24\_3
- 6 Høyringsuttale NVE
- 7 Kommuneplanens samfunnsdel i Bykle kommune - offentleg ettersyn.PDF
- 8 Uttale til - offentleg ettersyn - kommuneplan - Bykle - kommuneplanens samfunnsdel 2023 - 2034.pdf
- 9 Kommuneplanens samfunnsdel - Bykle kommune .PDF
- 1 Særutskrift - Bykle kommune - kommuneplanens samfunnsdel - høyring og offentleg ettersyn.PDF
- 0
- 1 Høringsuttale kommuneplanens samfunnsdel DH.pdf
- 1
- 1 Samfunnsdel kommentar DS.pdf
- 2
- 1 Høringssvar på Kommuneplanens samfunnsdel 200624.docx
- 3
- 1 2023/17 innspel til kommuneplan
- 4
- 1 Lekeplass sentrum Samfunnsdel.docx
- 5
- 1 Innspel til Kommuneplan
- 6
- 1 Fortetting er bra, men til hvilken pris?
- 7
- 1 Lokalt rusmiddelforebyggende arbeid i et folkehelseperspektiv notat.docx
- 8
- 1 Innspel til kommuneplan, sosial bærekraft
- 9

**Melding om vedtak blir sendt til:**